— OG DISSE SKAL GJØRE ARBEIDET —

Medlemmer av Norsk språkråd
1972—1975

Norske universiteter og høyskoler
ved De norske rektormøter:

Bokmål: Professor Eyvind Fjeld Halvorsen, Universitetet i Oslo, Boks 1013, Blindern, Oslo 3. — Varamann: Professor Egil Pettersen, Kirkevn. 37, 5032, Minde. — Varam.: Universitetslektor Jostein Helland Hauge, Universitetet i Bergen P, 5000 Bergen.

Professor Finn-Erik Vinje, Universitetet i Trondheim, Norges lærerhøgskole, Pedagogisk institutt, 7000 Trondheim. — Varam.: Professor Alfred Jakobsen, Angeltrøvn. 94, 7000 Trondheim.

Nynorsk: Professor Leif Mæhle, Universitetet i Oslo, Boks 1013, Blindern, Oslo. 3. — Varamann: Dosent Kjell Venås, Terrassev. 104, Oslo 6.

Dosent Gunnvor Rundhovde, Kollbulia, 5085 Morvik. — Varam.: Universitetslektor Lars Vassenden, Nesvn. 17, 5084 Tertnes.

Professor Reidar Djupedal, Gl. Åsv. 31, 7000 Trondheim. — Varam.: Universitetslektor Arnold Dalen, Asalv. 4, 7050 Charlottenlund.

Grunnskolerådet, Gymnasrådet og Lærerskolerådet:

Bokmål: Skolestyrer Lars Sødal, Kjenn ungdomsskole, Hasselvn., 1470 Lørenskog. — Varam.: Lektor Jorunn Housken, Stavanger Katedralskole, 4000 Stavanger.

Nynorsk: Lektor Frode F. Birke-land, Halden lærerskole, 1750 Halden. — Varam.: Lektor Kirsti Orheim, Orkdal gymnas, 7300 Orkanger.

Grunnskolen ved sin lærerorganisasjon:

Bokmål: Skolestyrer Aslaug Ryen, Ruglandsvn. 152, 1343 Eidsmarka. — Varam.: Lærer Einar Gullichsen, An-Magritt v., 7460 Røros.

Nynorsk: Adjunkt Magnhild Lauvdal, 3840 Seljord. — Varam.: Skolestyrer Oddmund Hus, 5780 Kinsarvik.

Gymnaset, folkehøgskolen og lærerskolen ved sine lærerorganisasjoner:

Nynorsk: Lektor Trygve Bull, Skjærstadvn. 4 D, Oslo 3. — Varam.: Dagfinn Kvaale, Agder Folkehøgskole, 4630 Søgne.

Nynorsk: Rektor Sigurd Haralds-eid, 3550 Gol. — Varam.: Lærer Brig- Vaage, Framnes ungdomsskole, 5600 Nordheimsund.

Den Norske Forfatterforening:
Bokmål: Forfatteren Carl Hambro, Bety Kjelsbergsv. 28 F, Oslo 4. — Varam.: Forfatteren Kjell Hegge- lund, Rødstenåsen, Bekkenstensvn., 1420 Svartskog.

Dr. philos. Philip Houm, Eilinsv. 4, 1342 Jar. — Varam.: Forfatterinnen Karin Bang, 3144 Veierland.

Nynorsk: Forfatteren Ragnvald Skrede, Ole Brummsv. 26, Høybråten. — Varam.: Forfatteren Tor Obrestad, Vestbyvn. 23 A, Grorud.
Forfatteren Arnljot Eggen, Friisgt. 4, Oslo 1. — Varam.: Forfatteren Ar- vid Torgeir Lie, 3880 Dalen.

Den Norske Forleggerforening:
Bokmål: Forlagssjef Kåre Fjertoft, Annerudjordet 18, 1370 Asker. — Va- ram.: Direktør Sigmund Strømme, Vestbrynet 19, Nordstrandshøgda. — Nynorsk: Forlagssjef Johs. Aander- aa, Johs. Hartmannsv. 67, 1364 Hval- stad 27. — Varam.: Avdelingssjef Torbjørn Ekroll, Lunde & Co.s For- lag, Grensen 19, Oslo 1.

Norsk Presseforbund:
Nynorsk: Sjefsredaktør Per Thom- sen, Stavanger Aftenblad, 4000 Stav- anger. — Varam.: Redaktør Jostein Nyhamar, Øygardsv. 59, 1340 Bekke- stua.

Nynorsk: Sjefsredaktør Vegard Sletten, Trosterudstien 8, Oslo 3. — Varam.: Utenriksredaktør Per M. Ri- ste, Vækerøvn. 205, Oslo 7.

Norsk Rikskringkasting:
Bokmål: Programsekretær Haagen Ringnes, Norsk Rikskringkasting, Bj. Bjørnsøns pl. 1, Oslo 3. — Vara- mann: Programsekr. Eilif Straume, Norsk Rikskringkasting, Bj. Bjørn- søns pl. 1, Oslo 3.

Nynorsk: Programsekretær Her- bjørn Sørebo, Sagdalsv. 13 A, 2010 Strømmen. — Varam.: Programse- kretær Andreas Skartveit, Norsk Rikskringkasting, Bj. Bjørnsøns pl. 1, Oslo 3.

Riksmålsforbundet:
Nynorsk: Redaktør Margrete Aa- mot Øverland, Wergelandsvn. 2, Os-

lo 1. — Varam.: Lektor Johannes Elgvin, Orrevn. 4, Oslo 3.

Professor Aksel Lydersen, Norges tekniske høyskole, 7034 Trondheim. — Varam.: Generalsekretær Per Glad, Mario Caprinov. 15, 1335 Snarøya.

Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur:

Nynorsk: Professor Carl Hjalmar Borgstrøm, Gabelst. 4, Oslo 2. — Varam.: Stortingsrepresentant Lars Roar Langslet, Rosenborggt. 1, Os- lo 3.

Rektor Gorgus Coward, Bernh. Herresv. 25 C, Oslo 3. — Varam.: Professor Asbjørn Aarnes, Nilserud- kleiva 25, Oslo 8.

Noregs Mållag:
Nynorsk: Konsulent Magne Rom- metveit, Tangen terrasse 56, 1450 Nesoddtangen. — Varam.: Rektor Trygve Bjørge, 2900 Fagernes.

Adjunkt Kjell Hellesnæs, Postboks 114, 5701 Voss. — Varam.: Konsulent Bergfinn Aabø, J. F. Gjerdrums v. 33, 1362 Billingstad.

Det Norske Samlaget:
Nynorsk: Ordboksredaktør Alf Hellevik, Wilh. Wilhelmsens v. 17, 1347 Hosle. — Varam.: Dosent dr. philos. Olav Bø, Amelia 13 c, 1342 Jar.

Norsk Måldyrkingslag:
Nynorsk: Arkivsjef, dr.philos. Per Hovda, General Birchsgt. 30, Oslo 4. — Varam.: Dr.philos. Ingoberg Hoff, von der Lippeggt. 6, Oslo 4.

Landslaget for språklig samling:
Bokmål: Inspektør Ivar Grotnæss, Frichsgt. 3-5, Oslo 3. — Varam.: Lek- tor Ola Halvorsen, Viggo Ullmansgt. 20, 3700 Skien.

Nynorsk: Lektor Magne Aksnes, 5610 Øystese. — Varam.: Lektor Ja- kob Skauge, Hagalykkja, 2080 Eids- voll.

Norsk Skuespillerforbund:
Norsk Skuespillerforbund:
Bokmål: Skuespiller Knut M. Hansson, Fr. Stangsgt. 7, Oslo 2. — Varam.: Skuespiller Kurt Wigert, Lilløyvn. 4, 1324 Lysaker.

Nynorsk: Skodespeler Gisle Strau- me, Hagalivn. 20, 1342 Jar. — Vara-

JOHANNES KOLSTAD:

SAMNORSK ER DEN EINASTE LØYSNINGA

Dette innlegget stod i Bergensavisene i november i fjor:

Frå tid til annan kjem det liv i ordskiftet om målet vårt, og det er godt, tykkjer eg, for så er det kanhende von om at ein kan finna ein veg ut av det uføret som norsk skriftmål har kome ut i.

Alle er vel samde om at det er meiningslaust at vi skal ha to skriftmål her i landet, når skilnaden er så liten som han er i dag. Tenk på kva det kostar å prenta alle offentlege skriv, skulebøker o. a. på to mål. Og tenk på det ekstra strevet barn og ungdom får når dei skal læra å skriva to norske skriftmål! Dei har meir enn nok med å læra eitt skikkeleg. Universitetsfolk klagar over

mann: Skodespelar Finn Kvalem, Kierschowsgt. 7, Oslo 4.

Stortinget:

Bokmål: Redaksjonssekr. Erling Arvola, Aldrik Seppelæsgt. 19, 9800 Vadsø. — Varam.: Bestyrer Birger Breivik, Ski.

Kontordame Bjørg Helle, Olav Nygårdsv. 60, Oslo 6. — Varam.: Sekretær Randi Pettersen, Norsk Nærings- og Nytelsesmiddelarbeiderforbund, Arbeidersamfunnets pl. 1, Oslo 1.

Høyesterettsdommer Elisabeth Schweigaard Selmer, Bjørnv. 85, Oslo 3. — Varam.: Lektor Fredrik Werring, N. Lundsv. 10, Kr.san dS.

Lektor Leif Roksvund, Gulset, 3700 Skien. — Varamann: Øvingslærer Alvhild Michalsen, Jonsvatnet, Strinda, Trondheim.

Nynorsk: Stortingsrepr. Aslak Versto, Stortinget. — Varam.: Herredstgromom Arthur Prestvik, 7900 Rørvik.

Student Hallgrim Berg, Finnmarksgt. 42, Oslo 5. — Varam.: Advokat Bjarte Eikeset, 6800 Førde.

Lærer Torborg Lemme, 5700 Voss. — Varam.: Herredskogmester Arnfinn Berstad, 6300 Åndalsnes.

Adjunkt Alvhild Tveit, 5850 Balestrand. — Varam.: Stud. theol. Ivar Molde, Kristine Bonnevisv. 2, Oslo 5.

den elendige norsken studentane nyttar, men kva anna kan ein venta med to jamstelte språk, som kvart har ei mengd ord med opptil 3—4 valfrie former? Det må verta rot av slikt.

Er det nokon veg ut av dette uføret?

Etter mi meining er det berre ein veg som er farande, og det er samnorsk.

Eg er klar over at ordet samnorsk har ein dårleg klang både i bokmålsøyre og nynorske øyre. Men det får våga seg. Er vi samde om at vi må få slutt på målkøyvinga, må det også la seg gjera å semjast om vegen fram til dette målet. Ein kan ikkje venta at bokmålsfolk eller nynorskfolk skal ofra sitt eige mål heilt og fullt til bate for det andre, og då er det ingen annan utveg enn at ein må freista å møtast, slik ein alltid må gjere dersom ein skal få til eit forlik.

Vi må få eit samnorsk skriftspråk som tek opp i seg det beste frå baa målføre, og er ikkje i tvil om at det vil verta eit ledugt og rikt språk dersom dei rette folka vert sette til å laga denne skriftnormalen. Tenk på kor mykje meir noggrant og ledugt ein kunne ordleggja seg dersom ein fekk nytta ordtilfanget frå både nynorsk og bokmål!

Men eg tykkjer eg alt høyrer harmdirrande rop om kor unaturleg og uekte det ville verka på folk som har det vi kallar eit godt språkøyre. Ta det berre med ro. Det er vanen som avgjer om orda skal kjennast ekte eller ei. Hugs berre på rama-

skriket vi har hatt kvar gong ei ny rettskriving vart innført!

Om nokre år stilna ropet av, og dei slektene som kom etter, las med undring om det oppstyret som dei nye orda og formene hadde laga. Eg er ikkje i tvil om at dersom barna våre fekk opplæring i samnorsk frå dei tok til på skulen, og massemedia også nytta dette språket, så ville det falle heilt naturleg for dei når dei vart vaksne å nytta samnorsk som skriftmål.

Og dei ville undra seg over at det tok så lang tid å kome fram til eitt offisielt skriftspråk her i landet.

Når eg les om skuleungdom som streikar for å få lærebøker på hovudmålet, har eg ei kjensle av at det står målfanatikarar av den vaksne generasjonen bak og nærer elden så han til slutt logar opp i form av streikar.

Det naturlege hadde vore om skuleungdom som kjenner trykket av eksamen i to norske skriftspråk, hadde gått til streik for å få eit samt skriftspråk her i landet. Og det må verta samnorsk, anten ein likar dette namnet eller ei.

Den styrande generasjon talar ved festlege høve så vakkert om å ofra noko for barna og ungdomen. Ja, vi skal ofra liv og blod for dei som kjem etter oss, læt det.

Her har vi høve til å ofra noko for at dei som kjem etter oss skal få det lettare. Og her er det ikkje tale om å ofre liv eller blod. Nei, det er berre tale om at den vaksne generasjonen må finne seg i å sjå på prent ein del ord og vendingar som dei tykkjer er språkleg uekte.

De som er ung,e vend dykk mot målfanatikaren på baa sider, og spør om omsuta deira for dykk er stor nok til at dei vil ta på seg dette offeret.

SPRÅKLIG SAMLING

Redaktør: Ivar Grotnæss

Frichsgt. 3-5, Oslo 3 — Tlf. (02) 46 78 97

Landslaget for Språklig Samling har postadresse: Postboks 636, Oslo 1. Postgirokontonummeret er: 1 62 78. Laget gir ut bladet *Språklig Samling*, som kommer med fire nummer i året.

★ BOKMELDINGER

Ny ordbok for skoleungdommen.

Einar Lundeby o.a.: LEXI

Nye ord — vanskelige ord — fremmedord. Aschehoug 1971, 379 s.

Språket forandrer seg støtt, heiter det. For eit par mannsaldrar sia, når denne setningen blei uttalt, ville språkmannen helst tenke på lydverket. Kanskje også på kاسوبortfall og andre endringar i det nokså statiske ordtilfanget. Sjølv ordtilfanget, dei orda vi trong om, dei var der. Einskilde ord dukka nok opp med mellomrom, det var så, men dei var ikkje fleire enn at vi greidde å halde styr på dei. Ein ny type selepinne, kanskje, og så automobilen og flygemaskinen. Men slike nyord var lette å lage, enten på grunnlag av rotord i gresk og latin, eller dei laga seg sjølv ut frå sin klare funksjon. Eller dei blei laga på eit meir kuriøst grunnlag, som f. eks. da agent P. J. Holter hadde vori i England og der lært å sette pris på ein spesiell sort alkoholisk blanddrikke. Kelnerane på Grand, som ikkje kjende noe namn på denne drikken, kalla drikken opp etter mannen, og vi fekk eit særnorsk ord for ein særengelsk drikk. — Ein grip seg i å svelge ein sukk: Kvifor har vi ikkje fleire slike agentar som kan virke inspirerande på språkskapingsevna hos kelnerar og anna folk, slik at vi kan demme opp for den engelske ordflaumen som held på og druknar oss?

Men la oss komme til saka. Den er det forresten ikkje så beintfram å komme til, for ho ligg gjømt under tjukke lag av kulturhistorie, så ein trong nesten vere arkeolog for å skrive om ei slik bok. Kulturen akselerer, heiter det. Vi har hørt det ofte, men det er sant likevel. I opphavet var steinøksa, seier dei lærde, og så gjekk det eit drøss titusenår før ein teknisk begava egyptar fann opp hjulet, og så gjekk det enda fleire tusen år før dei fann opp den atmosfæriske vasspumpa. Så fleire hundre år — ikkje tusenår denne gongen — frå vasspumpa til dampmaskinen. Og sia har det gått fortare og fortare. Nå sitter vi og held pusten og ventar på det neste.

Denne akselerande framgangen i

materiell kultur har side- og ringvirkningar over heile kulturfeltet og råkar oss i dag — det merkar vi tydeligare for kvar dag — midt i vår ekistensnerve. Interessant er det å sjå korleis folk til ymse tider har vurdert endringane. Vinje trudde denne vegen var vegen til lykkeland. «Det er ånd i hjulom», sa han. Men Goethe, som var ein klokare mann enn Vinje, hadde alt hundre år tidligare ropt eit varsku. Det kan gå i avgrunnen, sa han. Og Nils Kjær, som vart skulda for å være ein reaksjonær knark, ei skuldning som forresten er heilt korrekt, tala med forakt om «fremskrittsobskuranter». — Psykologane meiner vi står framfor ein akutt og reell fare: Det enkelte mennesket lever så lenge at det kan ikkje mentalt tilpasse seg endringane. Vi står i fare for å bli styrt av folk som ikkje skjønner den verda dei vil styre.

Innafor slike yver ser vår språkpusing ut som — ja, som pusing. Men eit slikt syn på saka er feilaktig, for språket står midt i kulturkomplekset, er ein integrerande del av det. Utan språk ingen begrep, ingen tanke, ingen forstand, inga evne til å styre. Språk og tanke er eitt, og utan eit tenlig språk kan vi vere heilt sikre på å miste styringa. Derfor helsar vi slike ordbøker som LEXI velkommen.

Vi som arbeider i skolen, veit kvar tampen brenner. Opp i dei høgste klassene i gymnasiet råder ei skremmande begrepsforvirring hos elevane. Vi kunne like gjerne innføre eit nytt fag, «begrepsopklaring», i skolen, for mye av norsktimane går med til det. Det er ikkje noe rart i det. Situasjonen er ein annen nå enn på Wergelands og Welhavens tid. Det er ikkje bare nye ting som strøymer inn på oss i overveldande mengd, men også nye samanhengar av abstrakt natur, nye tenkemodellar og tankebaner. Folk prøver å følgje med i den nye språkmassen — med meir eller mindre hell. Mange vit-sar er blitt slått på dette. Løvebakedialekt, seier dei, og meiner språket til stortingsmenn. Sjølsagt vil både stortingsmenn og andre produ-

sere mange språklige raritetar når dei skal prøve å artikulere seg i dette nye, stadig skiftande mentale miljøet, det er klart. Underskrivne har likevel mindre respekt for dei billige vitsemakerane enn for dei som kjenner ansvaret sitt og prøver å forstå ved hjelp av eit språk som dei må lære nytt nesten kvar gong dei vil uttale seg. For det nye har komme for å bli. Vi kan ikkje rømme frå det, og det må finne seg allmenngyldige språklige uttrykk.

Dette vart mye innleiing og lite sak, meiner vel lesaren. Eg opponeerer og påstår utan atterhald at innleiinga er det viktigaste ved denne saka. Men altså til saka, til ordboka. Her er ikkje staden til å gå i detalj, men så vidt eg kan sjå, tilfredsstillende boka «et lenge følt savn», som det heiter. Ho tar for seg dei typisk moderne orda og definerer dei.

Kor mange av elevane våre (og andre) har noe som liknar på ei presis forståing av det vesentlige ved ein velferdsstat?

— Uhyre få, enda så gjengs dette ordet er. Her finn vi, så vidt eg veit, for første gong i eit norsk leksikon ein definisjon av ordet. Det same gjeld for ei mengd andre ord som folk både les og bruker, men som dei har uklare oppfatningar om. Her kan dei få hjelp, så slepp dei bli uvenner bare fordi dei misforstår kvarandre.

Stundom kan ein jo lure litt på utvalet: *design, dressing, FAO, evergreen, punktstreik*, men så: *fenad, gand, galimatias*. Dette kan sjå ut som planlaust samanrask, men forfatteren opplyser at han har ikkje bare hatt eit modernistisk siktemål. Han vil også ta med noen lite brukte dialekt- og andre ord. Likevel stusser ein over slike arkaismar som *tjon* og *åbit*. Kva slags formål blir tilgodesett med slikt? Dersom ein elev av tusen skulle få bruk for slike ord, bør han kunne gå til Aasen eller Ross. Ein stusser også over ein del som ikkje er med, *monolitt*, men ikkje monolittisk, eit ord ein ofte treffer på når ein prøver å orientere seg i moderne politikk. — Men la gå med feil og manglar. Dei er få og lite å snakke om samanlikna med den nyvinninga som ei slik bok er.

Vi bør vel også nemne ordforme-

TORMOD EITRHEIM:

LITT OM DIALEKTEN I INDUSTRISENTRET ODDA

Fram til 1908 var Odda best kjent i innland og utland for stjernene i «Baedeker's». I 1906 kom industrien til Odda og Tyssedal. To år etter kunne A/S Tyssefaldene levere kraft, og i Odda kunne karbidfabrikken ta imot den.

I 1906 budde det 30 menneske i Tyssedal, i 1921 var der 1400. Den dominerande folkegruppa her vart østfoldingane. Dei kom til å prege både språket og kulturlivet i Tyssedal og Odda.

I Odda by, «en husansamling på landet» (etter den tids offisielle norske språk), vart folkesetnaden meir samansett. Dei siste tjue åra fram til industrialiseringa var han merkt av å vere «der besuchteste Punkt am Hardangerfjord» (Baedeker, 1894). Der budde da kring eit halvt tusen menneske. I 1921 var talet på arbeidarar ved karbidfabrikken, med huslydane deira, 2350. I jordbruksområdet levde kring 600 menneske. Dei hadde den gong lite med bymiljøet å

LA OSS ARBEIDE SAMMEN PÅ NORSK FOLKEMÅLS GRUNN!

Eg meiner ikkje at nynorsk vil bli eit einerådande riksspråk, men at det vil skje ei ny samling «på norsk folkemåls grunn», der det avbrotne samarbeidet mellom nynorskfolk og dei som går inn for fornorsking av bokmålet, vil halde fram. (Arnljot Eggen i «Dag og Tid»).

ne. Dei er innafor ramma av gjeldande offisiell rettskriving, men moderate. Ikkje noe å glede seg over der altså. Men likevel, ikkje noe stygt om boka. Ho bør kjøpas av alle som har språklig legedom behov.

Jakob Skauge

gjere. Bymiljøet kløyvde seg i rådande klasse (direktørar, ingeniørar, tenestmenn, agentar, butikkeigarar) og almue (arbeidarar, handverkarar og tenarar).

Det som interesserte mest da eg skulle finne ut noko om språket i bymiljøet i Odda, var å sjå kvar arbeidarane kom frå. For det første var dei det store fleirtalet. For det andre vart dei og etterkomarane deira kjernen i folkesetnaden i det moderna Odda. Biletet er nokså ubrigda frå år til år, frå 1916, 1918, 1919, 1921, enten ein ser på dei som er utan heimstad i Odda eller dei som har teke heimstad her: 80 % er vestlendingar, 16,67 % er austlendingar, 3,33 % kjem frå Nord-Noreg. ⅔ er bygdefolk, ⅓ byfolk. Frå byane kjem om lag like mange frå Austlandet som frå Vestlandet. Dei aller fleste vestlandske byfolka kjem frå Bergen. Austlendingane kjem frå Oslo, Fredrikstad og Sarpsborg. Dei fleste vestlandske bygdefolka kjem frå Nordhordland, berre få frå Sunnhordland. Der er ein del sogningar, dei fleste frå Hafslo, frå Voss og mest ingen frå Sørffjorden.

Litt om utviklinga av Oddadialekten.

Det eg byggjer utgreiinga om dialekten i Odda i dag på, er skriftlege arbeid av elevane ved den høgre skolen i Odda. Det var fem alderssteg. Med visse mellomrom skreiv dei om aktuelle emne: Odda, heimstaden min, 17. mai i Odda, juleførebuingar osv. Oppgåvene var gitt slik for at ordvalet skulle bli nokonlunde likt. En gav noko rettleiing om korleis dei skulle skrive: «Nett slek så vi snakka». Eg fortalde dei sjølv sagt kva som var føremålet. Dei gav opp, anonymt, fødestad for seg sjølv

og foreldre og årstal da dei eller foreldra kom til Odda. Eg gav dei og mønsterord som dei skulle bøye etter skjema. Dette dreiv vi på med i 8—9 år. Seinare har eg ført kartotek over feil (brot på gjeldande rettskrivingsreglar) som går att i stilar i gymnasaset.

Det er såleis ungdommen sitt språk som ligg til grunn for det eg har skrive ned som kjenne-teikn på språkutviklinga. Mange av min generasjon (1911) held framleis meir eller mindre fast på barndomsspråket vårt og får neppe meir innverknad på framtidsspråket enn vi har hatt. Men eg lydte og på vaksne andre-generasjons innflyttarar, og fann ut at språket deira skilde seg lite frå ungdommen sitt, for det meste. Eg meiner heile tida det språket dei fører når dei ikkje jenkar talen sin etter kven dei snakkar med. Mange menneske skifter språk etter humør og forum.

Dialekten i Odda i dag skil seg frå den gamle i mangt. Men somt av det gamle sit att, i grunnen mykje når ein tek med i rekningen at innflyttarane utgjorde aller største delen av innbyggjarane. Mykje forklarar seg når ein ser på kvar dei kom frå. Det som fell i øyru, er at den nye dialekten er lysare i klangen (artikulasjonspunktet ligg høgare og lenger fram i munnen), meir høgsmålt og snøggare enn den gamle.

Formverket.

Dialekten følgjer hovedregelen for språkforandring: Forenkling. Unnataka forsvinn. Dette gjeld særleg bøyning av substantiv og verb. Fleire hankjønns- og inkjekjønnsord får -er i fleirtal. Adjektivkomparasjon med -er, -est blir etterkvart vanlegare. Verb som før var uregelrette: drepe - drepte. Perf. part. som predikatsord blir bøygt berre tilfeldig. Dialektord skil seg ut og kverv: aokans, dekans. I staden kjem vår(as), deras, dokkar(s).

FRA KAMPEN FOR NYNORSKE LÆREBØKER

Fra 1962 til 1970 har Den norske Forleggerforening og staten bevilget 1,8 mill. kroner i støtte til lærebøker som kommer i små opplag. Av dette beløp er 91 % brukt til produksjon av lærebøker på nynorsk. Statsråd Gjerde uttalte i Stortinget 5. mai at det vil kreves økte bevilgninger for å få flere lærebøker på nynorsk, særlig i gymnaset. Her går ca. 15 000 elever i avgangsklassene. Av disse er det omkr. 1500 som har nynorsk som hovedmål.

Dette klippet er tatt fra APROPOS — Organ for Studentmållaget i Oslo.

November 1971

30 000 elevar i streik for nynorske lærebøker.

Lars Vikør og Ola Svein Stugu.

Lærebokstreiken 28. oktober vart ein uventa kraftig demonstrasjon av det rettvise kravet om lærebøker på

Lydverket.

Det fenomenet ein legg mest merke til, er konsonantlenging med vokalstytting. Alt før kriggen kunne ein høyre i radio: «Juppitter melder sinn annkomst...». Mange gonger for dagen høyrrer vi no meldingar frå «Mettårrålaggisk innstitutt».

Dessutan er der ein tendens til svekking av siste lekk i tostavingstonefall. Av resultat kan nemnast: Monoftongisering, demuljering, konsonantherding.

Døme:

lig_j'g_ja, lig'ga, lig'ge
hyg_j'g_je'leg, hyg'gele, hyg'geli
glåi'ma, gløm'ma, glømme
straum — strømm
flaum — flåmm
aust — øst
snautt — snøtt
gløymde — glømte
sende — sendte
jo, ju blir fortrenge av y.

begge målformer til same tid og same pris. 30 000 elevar ved 80 skolar over heile landet deltok i aksjonen på ymse måtar. Dei fleste var nynorskskolar, men ikkje minst gledeleg var den sterke solidaritetsviljen som kom til uttrykk i fleire byar, t. d. deltok 8 Oslo skolar i aksjonen. Ca halvparten av skolane som deltok var gymnas; elles var det med ungdomsskolar, realskolar, handelsskolar, yrkesskolar, folkehøgskolar, husmorskolar og andre skoleslag.

Statsråd Gjerde kommenterte aksjonen i Dagsrevyen same kvelden. Han sa det ville vere «urimelig» om Stortinget sette opp løyvingane til nynorske lærebøker no, og viste til at løyvingane alt var auka med 150% i dette statsbudsjettet. Dessutan var det andre som skulle ha sin del av kaka, bl. a. universiteta. Dette forsøket på å spele ut mot kvarandre ulike grupper i same situasjonen må sjølsagt kontant avvistast.

Når det gjeld løyvingsauken på statsbudsjettet, så er elevar og lærarar stort sett samde om at det ikkje hjelper med stor prosentvis auke når grunnlaget er forsvinnande lågt. Kor stor del av løyvingssummen som vil gå til den vidaregående skolen, er uvisst, men det er grunn til å rekne med ein stad over 300 000, ein sum som vil rekke til 30 bøker etter departementet sine kalkylar, og 12—15 bøker etter forlaga sine utrekningar. Ei nøktern vurdering frå skolefolk går ut på at talet 300 000 må tidoblast berre for å dekke krava i gymnaset. Andre skoleslag, som jordbruksskolar, handelsskolar m. v., er da haldne heilt utanfor. Elevane er fullt klar over stoda, og den frykta sume hadde for at fronten skulle bli splitta på den aktuelle løyvinga, synte seg vere grunnlaus.

Likestillinga må lovfestast.

Nett no er radikalt auka løyvingar naudsynlege for at ikkje nynorsken skal døye heilt ut som lærebokmål i den høgare skolen. Elevane ser det likevel som viktigare på lang sikt å få slege fast ein gong for alle at alle har rett til likeverdige opplær-

ing på sitt mål. Nynorskelevane er ikkje lenger ei kua minoritetsgruppe som tek til takke med dei overskotsmulane som fell frå staten og dei private forlaga sitt bord. Elevane krev no full likestilling for si målform, og let seg ikkje lenger feie til side verken med teknisk-rasjonelle eller praktisk-økonomiske bortforklaringar av stoda. Det grunnleggande kravet for aksjonen er difor at lærebøkene må ligge føre på same tid og til same pris på baa mål, utan at dei av den grunn blir dyrare. Korleis kravet skal gjennomførast, tek ikkje aksjonen stilling til. Men elevane og lærarrane ved nynorskskolane vil ikkje lenger slå seg til ro med fagre løfte som blir brotne alt neste dagen. Dei krev difor no at prinsippet må lovfestast, ut ifrå at det vil bli langt vanskelegare for staten og forlaga å vri seg unna eit vedtak i lovs form enn uforpliktande lovnader og kjøvande festtalelevelvilje.

Statsrådens reaksjon tyder på at kampen langt frå er slutt med dette. Om ikkje Stortinget går inn for vårt prinsipielle krav og aukar løyvingane slik at dette kravet kan gjennomførast, må vi vente nye og sterkere aksjonar.

HVA ANDRE MEINER:

Stavanger Aftenblad 6.11.1971.

*Ikke målstrev,
men jamstelling.*

Herr redaktør.

I Aftenbladet 3. november uttrykker J. Hebnes si glede over den vellykka streiken som vart sett i verk torsdag 28. oktober på svært mange vidaregåande skular. Vi som arbeider med aksjonen synes det er gledeleg. Men det er mindre gledeleg at J. Hebnes lett og elegant koplpar over på målsaka i same innlegget. Vi som har lagt opp til denne landsomfattande aksjonen, har ikkje gjort det for å arbeide for «det ekte norske målet», som J. Hebnes uttrykker det. Aksjonen må for all del ikkje oppfattast som ei målstrevhandling. Vi har heile tida bevisst lagt vekt på at dette gjeld berre ein ting: jamstel-

STØ LÆREBOKAKSJONEN!

I strid med all tale om jamnstilling mellom nynorsk og bokmål i skulen har diskrimineringa av nynorsken vorte verre år for år. Berre 17% av lærebøkene i gymnaset ligg føre på nynorsk. Til dømes fins berre 7 av 42 godkjente lærebøker i matematikk på nynorsk. Stoda er i røynda verre enn tala gjev uttrykk for, av di ein stor del av nynorskutgåvene er forelda, og det er lita von om å få reviderte utgåver med det første. I andre vidaregåande skular er mishøvet endå verre.

Det misnøye dette har skapt, nådde klimaks då elevane og lærarane ved Øystese statsreal-skule og gymnas gjekk til ein times streik 10. september. Dette vart gjort for å streike under alvoret i kravet om fleire nynorske lærebøker og for å vekke opinionen for dette rettferdskravet.

Øystesestreiken har vorte følgd opp med ein streik på landbruksskulen på Voss og underskriftskampanjar på vidaregåande skular over store delar av landet. Eit samrådsmøte i Øystese 10. oktober gjekk inn for at aksjonen skal førast vidare med underskriftskampanjar, spreiking av materiale, streik eller andre aksjonar på vidaregåande skular kringom i landet 28. oktober.

Aksjonen treng din stønad!

Krava er:

1. Lærebøkene for den høgre skulen må ligge føre til same tid og til same pris både på bokmål og nynorsk.
2. Dette kravet må lovfestast.

ling mellom to språkgrupper i den norske skulen. At samane også har store problem med undervisningsmaterieell må vi absolutt ikkje gløyme.

Overraskende mange bokmålselevane var med i streiken, og i Oslo klarte dei merkeleg nok å samle inn over 10 000 underskrifter. Offisielt har nynorsken aldri stått sterkt i Oslo-området, og ingen bør tru at desse 10 000 elevane og andre skreiv under på krava for å støtte nynorsk-saka.

Norges Gymnasiastsamband var aktivt med i førearbeidet til streiken, men ikkje av målsakgrunnar. Både i NGS og på bokmålsskulane er det svært delte oppfatningar om nynorsk og målstrev. Desse støttar opp om aksjonen fordi dei har innsett den urettferd som nynorskelevane blir utsette for. Det er denne diskrimineringa aksjonen gjeld.

Dessverre har Noregs Mållag gjort ein stor tabbe i denne saka: Aksjonskomitéane rundt om på skulane fekk før streiken tilsendt ein liten pamflett om lærebokaksjonen der Noregs Mållag seier m. a.: «Den oppslutnaden aksjonen har fått, syner at målsaka står sterkt.» Dette er fullstendig feil, og NM kan nok rekne med ein del skarpe reaksjonar på eit slikt utsegn.

Senterpartiet si stortingsgruppe kjem til å gå inn for større løyving til nynorske lærebøker enn det er foreslått i statsbudsjettet. Dette skulle gi håp om at alle tre mellompartia går inn for større auke, og då er vi iallefall eit stykke på rett veg. Representantar for Høyre og DNA får sørgja for at vi får gjennom krava våre. Vi har alt fått fin publisitet om aksjonen, som held fram. Det er nå kampen for rettferd byrjar for alvor.

Bryne, 3. november 1971.

Ottar Grepstad.

NYNORSKEN I SKULEN

Av Bjarne Slapgard.

I «Skoleveien», B-nummer til Dagen for 2.10-71 filosoferer Besse Bønes over årsakene til at nynorsken stendig går attende i skolen. Han finn tre hovudgrunnar: *språkrevisjonane* 1938 og 1959, *sentraliseringa*, og for det tredje *eit lærarstand* som er med på å skuve nynorsken ut or skolane.

Stort sett skriv nok Bønes rett om dei to siste grunnane, men at han overdimensjonerer rettskrivningsombøtene er klårt nok. Og i den samanhengen held han fram mange ting som ikkje er rett. Her skal eg ta fatt i eit par.

At overgangen til ø frå y i ei rekkje ord, (t.d. at *myrk «vart brigda til mørk fordi det heiter*

så i dansk») er med på å skuve nynorsken ut or skolen og gjer han meir vanskeleg å lære, eller avdi ø-en er dansk, held ikkje. Vi må då ikkje gløyme at «mørk» og nærslekta ord er fleirtalsformer i norsk; her i Trøndelag kjennest mørk heimsleg, men myrk, fyrr o. l. framand. Difor vart nynorsken rikare på «attkjenningsgleder» etter at vi fikk skrive før, mørk, bort, over i staden for fyrr, myrk, burt yver.

Eg nemner dette av di Bønes lengre nede i artikkelen skriv noko som er endå meir urimeleg og usant, dette at «*trøndarar kjenner seg lite heime i denne nynorsken, og hev kasta han ut or skulen.*»

Med «denne nynorsken» er meint nynorsken etter 1938. Gje at det var så vel at det var berre rettskrivingsspørsmål å løyse til å hindre at nynorsk skolemål blir jaga på dør! Sanninga er nok at slike ting har hindra framgang for nynorsken her i Trøndelag, t. d. umoderne skolebøker med tunge, konservative målformer. Då 1938-rettskrivinga kom, tok mange skolekrinsar og førte inn nynorsken, t. d. på Nordmøre og her i Trøndelag. Alle vona at det nå skulle bli rik tilgang på meir tidhøvelege lærebøker på nynorsk. Før ein retteleg kom i gang, hadde vi krig i landet. Nynorsk eller bokmål var mellom dei mindre ting, dessverre. Men då vi vel var komne igjennom, var det andre krefter som kom *retteleg i gang!* Pressa og kringkastinga, foreldreaksjonen og mektige forlag, frekk pågang frå «riksmålsfolk» som gjerne såg at nynorsken vart rydda ut or skolen. Desse kreftene frå konservativ side fekk til å slå lag med sentraliseringsfeberer i den sosialdemokratiske regjeringa. Ei kjempeulykke for nynorsk skolemål vart dette, ikkje minst her i Trøndelag. Vi fikk aldri gode, moderne lærebøker i så stort utval som vi trong, og som vi vona på å få alt i 1930-40. Nå ser vi følgjene slå ut i katastrofe.

DET GÅR FRAMOVER MED SPRÅKET OG!

Stavanger Aftenblad.

For 75 år siden 14. oktober 1896.

Vi har bragt i erfaring,

at haandverkerforeningen er høist misfornøiet med vort raad forleden om aa afstaa fri grund til Weier Sundts gade forbi deres nye hus mod å faa den oparbeidet i hele sin bredde med en gang. De mener at veikomiteen har bragt dem opi et saadant uføre, at den selv faar se til at klare ærterne uden noe ekstrabidrag fra deres side. Og det kan der være noe i. Men vi mener alligevel, det er værddt et offer, om hele gaden kom istand mit eins.

En katolsk kirke

her i byen var der for etpar aar siden megen tale om. Det blev dengang indkøbt grund, men folk tog ikke videre notis af det hele, her var vist ikke mer end 5—7 katoliker i hele byen. Nu lader det imidlertid til, at tanken skal realiseres. Hr. arkitekt Sverre, der skal levere tegningerne m. a., var igaar med bygningskommisjonen paa stedet og besigtiget grunden. Efter hvad hr. Sverre selv meddeler os, skal der opføres en kirke og prestebolig, begge i gammelnorsk stil. Bygningerne, der faar en overmaade smuk beliggenhed paa den tidligere saakaldte «Hagamark», vil rimeligvis bli paabegyndt allerede i høst.

Jo,

det ser ut for, at vi er kompt op paa govorsiden igjen. Det er allerede den fjerde dagen, 'n har holdt sig i godt lag, og idag er det nu rent aparte. Barometeret har og hævet sig pøom-pø hver dag, og nu staar det paa smukt saa udsigterne er de allerbedste. Vilde han nu bare holde sig til næste uge ialfald, da movingen begynder med den skare, som skal bytte bolig og transle kring fra ende til anden i byen med sine flyttelæs, skulde det glæde mangfoldige. Vi vil haabe det.

For 50 år siden 14. oktober 1921.

Reguleringsplanen.

Findes der i verden noget kjed-

sommeligere end en by opført efter streker og linjer, med brede gater som går i de rigtige vinkler, og med svære offentlige murstensbygninger, hvor støv falder over alt og alle. Det som er gammelt og særpræget, som har liv og minder, det skal væk, klippes of den taapelige offentlige saks som ikke eier gnist av personlighet.

I andre land har man raad til at la sine byer beholde sin profil, men her hjemme skal vi på død og liv rive ned hvert morsomt hus og hugge om hvert gammelt træ, bare fordi nogen enkelte mennesker indbilder sig at det er det eneste saliggjørende at bo i byer som er lagt med passer og linjal, uten tanke på at det er det personlige og egenartede, og gjerne det litt skakke og skjæve, som gir en by dens fysiognomi og menneskene den svingning i sindet som er nødvendig, når man ikke selv ønsker at bli som et scakbrædt eller en ny reguleringsplan. *Ada Isachsen.*

For 25 år siden 14. oktober 1946.

For mye hest.

Er riksstyret merksam på at det for tiden er overskott av hest i landet vårt? spurte en representant for Sogn og Fjordane, Lunde i Stortinget.

Når hestetallet er gått så sterkt opp, kommer det blant annet av at det var så vanskelig med transportmidler under krigen og at hester har stått og står i god pris. Taleren fryktet at prisene senere ville bryte sammen til skade for jordbruket og hele samfunnet. Vi forer i dag på 40—50 000 flere hester enn vi har bruk for. Ble alt det foret nyttet til melkeproduksjon for eksempel, ville vi få 80 millioner kilo melk.

Statsråd Fjeld svarte at regjeringen var fullt klar over at det var altfor mye hest i Norge i dag.

SPRÅK, SAMFUNN OG POLITIKK

I tid fall «Foreldreaksjonen» saman med framvoksteren av Libertas, kampen om pris- og rasjonaliseringslovene, ein kraftig borgarleg reaksjon mot plan-

leggingspolitikken åt arbeiderpartistyre dei fyrste etterkrigsåra. Dette var ikkje eit tilfeldig samantreff. Det var dei same kreftene i skipsfart og storfianans som bar både Libertas og Foreldreaksjonen fram økonomisk — det er synbert nok om ein ser på støtteannonane i riksmålspressa. Reguleringspolitikken ville ta herredømet over den økonomiske politikken ut av hendene på storborgarskapet på same vis som tilnæringspolitikken ville ta herredømet over språkutviklinga frå dei mektige. Dei konservative drog sjølve gong på gong parallellen: Dei ville bort frå «statsdirigering» i språkpolitikken. Slagorda var dei same som i striden om den økonomiske politikken: Til kamp mot «tvang», «dirigering», «regulering». «Dei frie krefters spel» tilsvara tanken om «den frie og naturlige sprogutvikling» — dvs. den språkutvikling som vart dirigert av andre krefter enn dei folkevalde. Dei kunne nok for ei tid alliera seg med forfattarar med kulturradikal fortid, men leiinga av Riksmålsforbundet vart snart liggjande hjå den gamle høgreekstremist J. B. Hjort. Og valet av skjellsord syntte kva lei brodden hadde: «folkemål», «pøbelmål» osv .

Det vart og lansert filologiske teoriar som syntte den sosiale karakter striden hadde — som t. d. den at språket ville bli rikare, meir nyansert dersom dei gamle riksmålsformene og folkemålsformene levde ved sida av kvarandre og fekk uttrykkja ulike nyanser. På den måten skulle den konservative riksmålsforma knytast til det som hadde prestisje, sosial status, medan folkemålsformene skulde forvisast til underklassens liv og situasjon. Ein arbeidsneve kunne vera «svart», men ein silkekjole måtte vera «sort». A-forma kunne tolast i «kjerlinga» — men det måtte heita «dronningen». Slik vart språket rikare på nyansar, heitte det, — og fekk klårare klassekarakter, kan vi leggja til.

(*Berge Furre i artikkelsamlinga «Mål og Makt».*)